U. B. BERGEN
Ms. 1162/12

Granbakken 26. 12 - 28

Hr Johs Lavik!

Du lyt jammen orsaka at Olav ikkje hev svara paa breva dine. Han hev lege tilsengs snart eit aar no og vart tungt nedaat kasta med eingong so han vart reint nedfyre av magtløysa. Daa pleititen gav seg frammi sumaren var han aat og stavra uppe ei lita tid men det vart berre upp i forkjølung og feber og han maatte til sengs att og sidan hev det gjenge jamt nedetter, so no orkar han knapt aa staa paa føtenn. I Mars maanad fekk han ein mage=

sjukdom som hev auka
paa so no faaler han ikkje
anna enn klaart vatn, det
han et lyt han svida fyr
med verk so han reint veik-
nar av og siste dagar lyt
han kaste det uppatt altsaman.
Stundom er det no litt betre
med magen, men hosten sig
tungt paa.

Han takkar serskilt fyr breva
og me takkar alle fyr pengarne
me fekk fraa Bondebladet.

Olav bed meg segja at „vebande"
korkje tyder fjaldbande eller „vebande"
i gamald norsk rettargong med
sakförsel og dom. Baknamnet
tyder, utann aa vera altfor
filologisk, reint einfelt „ved det

U. B. BERGEN
Ms. 1162/12



heilage". Bak dette ligg daa
heile boki, kankende med fleire
„heilagdomar" og „heilage heimar".
Dette vil han gjerna ha ein
merknad um i bladet.

Hjarteleg helsing fråa oss alle her

Med vyrdnad
Rakel Nygard